



NORSK OLJEMUSEUM

ÅRBOK 2000



Utfordringar i norsk olje- og gasspolitikk

Av olje- og energiminister Olav Akselsen

Historia om norsk olje- og gassverksemnd er fantastisk!

Sjølv om det berre er vel 30 år sidan den første olja vart funnen på norsk sokkel, har me makta å byggja opp erfaring og ein kompetanse som gjer at Noreg no hevdar seg heilt i verdstoppen. Dette er det all grunn til å vera stolte over!

I dag står me framfor tilpassingar og store endringar. Desse endringane vil leggja grunnlaget for at den norske oljeverksemnda vidareutvi-

klar seg slik at me sikrar at landet og innbyggjarane i mange nye tiår får nyta godt av inntektene frå dei ufattelige rikdomane under havbotnen.

Omfattande forslag

Dersom me ser eit par år tilbake i tida, hugsar me alle at oljeprisane stupte. Mange av prosjekta som var planlagde, vart liggjande i skuffene, og verknaden synte seg umiddelbart både på sysselsetjingstala og på investeringslysta.

*Olje- og energiminister
Olav Akselsen i
Smedasundet i Hauge-
sund under ONS
2000.*



Regjeringa Stoltenberg har arbeidd aktivt for å redusera verkna-dene. Me har difor drive ein politikk der målet har vore å få næringa på fote igjen og stimulera til vekst og verdiskaping. Dette er særleg viktig fordi me veit at det er nær samanheng mellom aktivitets-nivået i oljenæringa og leverandør-industrien.

Det mest omfattande arbeidet for å endra oljeverksemda og leggja til rette for ei positiv framtid, er endringane me la fram i proposisjonen me sende over til Stortinget i desember 2000. Her foreslår me at Statoil kan delprivatiserast med inntil 1/3 samstundes som me foreslår at staten sel 20 prosent av Statens direkte økonomiske engasjement (SDØE). Desse endringane er viktige verkemiddel i samband med dei utfordringane me står framfor.

I tillegg til denne proposisjonen foreslo regjeringa våren 2000 ei rekke tiltak for å få opp att aktiviteten i næringa. Mellom anna foreslo me at me kvart andre år skal ha nye konsesjonsrundar i Norskhevet og at me kvart år skal vurdera nye tildelingar i Nordsjøen.

For oss politikarar har det vore inspirerande og positivt å sjå at det frå fleire hald no er meldt om at optimismen igjen er på plass i denne viktige næringa for landet vårt. Nye prosjekt er i gang og hjula rullar for fullt.


Rekruttering

Ei særleg viktig utfordring i åra som kjem er å skaffa dei medarbeidarane næringa treng. Olje- og gassnæringa saman med leve-

randørindustrien kan tilby ei mengde interessante jobbgener, som utan tvil er tiltrekkjande og interessante for unge menneske. For næringa vil det vera avgjerande at ein greier å utvikla stadig ny teknologi slik at ein vinn ut mest mogeleg av olja og gassen i reservoaret. Gjennom ei årrekke har me greidd å henta ut ein stadig større del av det som skjuler seg i reservoaret. For kvar prosent me aukar uttaket, aukar me også landet sine inntekter. Difor må me som industri og som nasjon satsa vidare på teknologiutvikling.

Mi oppfordring er difor at ungdom som lurer på kva for utdanningsveg dei skal velja, set seg inn i

Årsrapport Norges Bank 2000.



kva denne næringa har å by på. Både teknologi og IT er ein integrert del av arbeidet i selskapa – og vil vera det i enda større grad framover. I tillegg er det verd å merkja seg at me utfrå det me veit i dag reknar med å ha olje i enno 30 år, medan gassressursane våre vil vara i om lag 100 år frå no. Få andre arbeidsplassar har eit slikt tidsperspektiv!

Skal norsk olje- og gassverksemnd framleis hevda seg i verdstoppen, er det difor viktig at selskapa greier å knyta til seg kreativ og flink ungdom.

Klok politikk

Då me fann olja i slutten av 1960-åra, var me heilt utan kunnskap om denne næringa. I dag er norske oljeselskap og norsk leverandørindustri heilt i verdstoppen. Dette er ei historie som i første rekke handlar om ein svært vellykka industripolitikk.

Då ein fant olja, sette ein seg nokre viktig mål. Oljeressursane skulle vera ein felles eigedom og skulle koma heile folket til gode. Samstundes skulle ein byggja opp ein norsk industri basert på desse ressursane.

Dei vala som blei gjort då ein utforma politikken for å nå desse måla, var dei rette. Men politikken på dette området er ikkje den same i dag som i 1970, eller i 1980, eller i 1990. Verkemidla har me endra heile tida for å tilpassa oss det potensiale og dei utfordringane oljenæringa til ei kvar tid har stått framfor. Men sjølve måla har stått og står fast.

Norsk olje- og gasspolitikk har

fram til i dag vore ei suksesshistorie. Dei sentrale aktørane har ved utföringa av politikken lagt vekt på omsynet til ei langsiktig ressursforvaltning i tråd med dei beste tradisjonane våre og til beste for felleskapet. Viktige vegval er gjort. Viktige avejerder som er tekne om nasjonalt og statleg eigarskap, har vore kloke og framsynte. Dei statlege virkemidla har vore vurderte og tilpassa dei utfordringane me til ei kvar tid har stått framfor. Evna vår til å gjera dei rette omstillingane har vore avgjørende for at me har lykkast.

No står me overfor ei ny tid med nye utfordringar og nye sjansar. Me må tilpassa olje- og gasspolitikken til å møta dei nye realitetane.

Ufattelge inntekter

Petroleumsnæringa spelar ei viktig rolle når det gjeld staten sine inntekter og den samla verdiskapinga i Noreg. I år 2000 kom omlag 1/4 av staten sine inntekter og den samla verdiskapinga i Noreg frå denne næringa.

Også i internasjonal samanheng spelar norsk petroleumsnæring ei viktig rolla. Noreg er den tredje største oljeeksportøren i verda. Me er også ein av dei største leverandørane av naturgass til Europa, ein naturressurs som vil spela ei stadig viktigare rolle på norsk kontinentsokkel.

Norske oljeselskap, leverandørar og forskingsmiljø er i dag teknologisk leiande og internasjonalt konkurransedyktige på mange område.

Deltakinga frå utanlandske selskap har vore viktig i utviklinga av den norske olje- og gassnæring. Dei har styrka den norske kompetansen

og teknologien og gjer at me også i dag har eit mangfald av selskap på norsk sokkel. I løpet av tretti år har me sikra store inntekter til fellesskapet, og me har utvikla ein norsk oljeindustri frå ingenting til å vera leiande i verda. Me har lukkast fordi me har hatt ei rivalisering og eit samspel mellom norske og utanlandske selskap.

Eit anna viktig poeng er at me har lukkast fordi me har hatt ei blanding av statleg og privat eigarskap. Og ikkje minst: Me har lukkast fordi me har evna å halda fast ved dei overordna måla og at me har endra verkemidla i takt med at verda rundt oss har endra seg og gitt nye utfordringar.

Ulike fasar

Den norske kontinentsokkelen er inne i ulike fasar. Sett under eitt vert det gjort færre funn, og funna er gjennomgåande mindre enn før. I Nordsjøen har me fleire felt som er på hell. Her vil fleire felt bli stengde og installasjonar vil bli fjerna i åra som kjem. Dette gjer at det blir meir og meir krevjande å utvinna ressursane på ein lønsam måte.

Men sjølv om denne delen av kontinentsokkelen blir meir moden, vil eg likevel understreka at det enno er store olje- og gassressursar igjen å oppdage og utvinna. Særleg i djupvannsområda i Norskehavet vil me kunna gjera store funn, særleg gassfunn.

Eit tredje område på norsk kontinentsokkel er Barentshavet. Her har me bora i overkant av 50 brønnar. Planen er at når me er ferdige med det planlagde borepro-

grammet, skal me vurdera den vidare utviklinga i dette området.

Teigblanding

Eigarsamansetjinga og avgjerdsstrukturen i mange av utvinningsløyva på kontinentalsokkelen er komplisert, med mange deltagarar og små eigardelar. Det er store forskellar i eigarsamansetjinga innanfor eit geografisk område. Det er difor vanskeleg å få til gode løy singar på tvers av utvinningsløyve og grupper av selskap.

Gjennom SDØE (Statens direkte økonomiske engasjement) har staten eit verkemiddel til å rydda opp i teigblandinga på norsk kontinentalsokkel. Målet er å få ei meir effektiv drift og større verdiskaping. Ein slik ryddeaksjon vil koma staten til gode gjennom skattar, kontantstraum frå SDØE og verdien av eigarskap i Statoil og Norsk Hydro.

Internasjonalisering og samanslåingar

Ei av målsetjingane for olje- og gasspolitikken er internasjonalisering. Dette er viktig fordi fleire land som er rike på olje- og gassressursar, og som tidlegare var lukka for den internasjonale industrien, no har opna opp for utanlandske investeringar dei seinare åra. Dette fører til at konkurransen er blitt hardare i og med at selskapet har fleire område å velja mellom når dei skal investera.

For norske selskap, både olje selskap og leverandørar, inneber internasjonalisering at nye marknader opnar seg og at det ligg tilrette for auka verdiskaping.

Dei seinare åra har me sett at mange selskap i olje- og gassindustrien slår seg saman. Dei viktigaste døma i internasjonal samanheng er fusjonane mellom BP, Amoco og seinare Arco, mellom Exxon og Mobil, mellom Total, Fina og seinare Elf og fusjonen mellom Chevron og Texaco. Norsk Hydro og Statoil sin overtaking av Saga er eit døme frå vår eiga heimebane.

Selskapa er blitt færre og større. Konkuransen er blitt hardare, også for Statoil og Norsk Hydro. Utfordringane for staten som eigar har difor endra seg.

Oljeindustrien er ein internasjonal industri. Endringar som skjer internasjonalt får difor stor verknad for oss. Til dømes gjeld dette endring-

ane i dei europeiske gassmarknadene. Desse endringane er drivne fram av auka konkurranse, av at skiljelinene mellom bransjar vert viska bort samstundes som me får nye rammevilkår. Utviklinga i dei europeiske gassmarknadene kan få store konsekvensar for dei økonomiske interessene våre.

Framtida for Statoil

Kjernen i diskusjonen omkring Statoil og SDØE er korleis me best skal organisera eigarskapen slik at petroleumsnæringa gir oss størst mogeleg verdiskaping samtidig som næringa får utvikla seg på ein best mogeleg måte. Regjeringa har foreslått endringar for å styrkja selskapa og for å sikra størst mogeleg verdiskaping til fellesskapet.

Den nye oljemeldingen har skapt overskrifter i avisene. Her er et knippe fra Stavanger Aftenblad.

Statoil må bli operatør ute

Statoil startet internasjonalt ved å skyte med hagle man traff. Selskapet bevisst - om å bli

skapet ikke hadde sjanse til å bli operatør - et spill og en prestisjekamp som er blitt utkjempet mellom verdens olje-

svint, for Statoil blir delprivatisert. Dette månaden må innføres. Det vil gjøres i år, ellers må me trusse sitt med rettsaker i årveis i høve til å del nye private medeigarane i Statoil, seier Olav Akselsen.

tivt en multinasjonale kapitalist-giganter.


- Vi retter nå ressursene i våre internasjonale aktiviteter enn mot å bli operatør, enn å følge opp de rene partner-

Av Ulf-E.
Kjell Arv

Eit nyt statleg eide gassselskap er ikkje til å umgå. Det fleste arbeidsplassane vil ligga i nordfylket. Hovudadministrasjonen er ennå ikkje plassert.

svint, for Statoil blir delprivatisert. Dette månaden må innføres. Det vil gjøres i år, ellers må me trusse sitt med rettsaker i årveis i høve til å del nye private medeigarane i Statoil, seier Olav Akselsen.

Ingen veg utanom nytt gasselskap



Då Statoil blei etablert i 1972, var det vanleg i mange land å etablere statsoljeselskap. På midten av 1980-talet var det heil- eller delstatlege oljeselskap i om lag 80 land.

Denne tendensen har endra seg fundamentalt. Dei siste 15 åra har ei rekke land privatisert dei nasjonale oljeselskapene sine. Noreg er eit av få land innanfor OECD-området som enno har eit 100 prosent statseigd oljeselskap.

Då Statoil vart oppretta, var det mellom anna for å sikra staten styring og kontroll over utviklinga av petroleumsressursane i Noreg. Statoil si rolle i norsk olje- og gasspolitikk har endra seg radikalt sidan den gongen. I dag opererer selskapet etter forretningsmessige prinsipp på lik line med dei andre deltakarane på kontinentsokkelen.

Dei petroleumspolitiske måla når me gjennom skatte- og avgiftspolitikken, gjennom konsesjonspolitikken, ved lovar, føreskrifter og einskildvedtak, og ved å leggja til rette for ei best mogeleg utnytting av ressursane.

EØS-avtalen verkar dessutan inn på sektoren. Statoil kan ikkje få særfordelar – selskapet skal konkurrera på like vilkår med andre selskap. Som resten av norsk oljeindustri opererer Statoil i dag i eit internasjonal miljø som er prega av hard konkurranse.

Rask og kontinuerleg tilpassing til endra omgjevnader er avgjerande for å lykkast. Med staten som eineeigar er det krevjande for Statoil å ta del i dei industrielle omskiftingane på ein forretningsmessig god måte. Selskapet kan til dømes ikkje bruka aksjar i eige selskap som byttemiddel.

Regjeringa meiner at endra eigarstruktur vil auka Statoil sin forretningsmessige handlefridom og at det vil opna nye moglegheiter for selskapet, samtidig som selskapet får same rammevilkår som konkurrentane sine, til dømes Norsk Hydro.

Internasjonalisering er ein sentral strategi i Statoil si vidare utvikling. Etter kvart som ein stadig større del av aktiviteten skjer i utlandet, blir det mindre naturleg for staten å vera eineeigar i selskapet.

SDØE – Statens direkte økonomiske engasjement

Staten har gjennom SDØE i dag eigardelar i over 150 utvinningsløyve på norsk kontinentsokkel. I tillegg eig staten transportrøyr og nokre landanlegg.

I spørsmålet om framtidig forvalting av SDØE, må fleire omsyn vegast opp mot kvarandre. Statsfinansielle forhold må vegast opp mot industrielle perspektiv og omsynet til effektiviteten og konkurransekrafta på den norske kontinentsokkelen. Dessutan må me leggja til rette for ei best mogeleg gassforvalting.

SDØE er eit viktig og i hovudsak eit godt statsfinansielt instrument. SDØE-ordninga skal derfor førast vidare. Dette inneber at det er mogleg for staten å ta SDØE-delar i framtidige konsesjonstildelinger, og at mesteparten av dagens SDØE-verdiar framleis skal bli i statleg eige.

Samstundes som SDØE blir vidareført, må me ikkje gløyma dei industrielle perspektiva.

Sal av SDØE-delar til Statoil er eit viktig verkemiddel for å styrkja

Statoil. Utgangspunktet for Statoil si vidare utvikling er selskapet sine posisjonar i kjerneområda på norsk kontinentalsokkel. Ein styrkja ressursbase i Noreg er naudsynt for å vidareutvikla det internasjonale engasjementet og for å bli eit slagkraftig europeisk gasselskap.

Regjeringa meiner difor at Statoil må få høve til å styrkja seg gjennom å kjøpa SDØE-delar frå staten.

Norsk Hydro er ein annan viktig aktør på norsk kontinentalsokkel. Sal av SDØE-delar til Hydro vil medverka til å vidareutvikla selskapet, noko som gir grunnlag for verksemd både i Noreg og i utlandet.

Samtidig som me legg vekt på staten sine inntekter og industrielle perspektiv, må me ta omsyn til effektiviteten og konkurranseskifta på den norske kontinentalsokkelen.

Det er difor viktig at selskapa, særleg operatørane, får sjansen til å auka verdiskapinga. Ikkje minst er dette viktig på mindre felt og på felt som går mot slutten.

Argumentet om høgare eigardelar gjeld særleg for Statoil og Norsk Hydro i lys av deira posisjonar som dei største operatørane på norsk kontinentalsokkel. Men og andre kompetente selskap bør få

høve til å kjøpa SDØE-delar når dette gir auka verdiskaping og dermed større inntekter til staten.

Dette vil sikra balanse og mangfald på norsk kontinentalsokkel.

To nye selskap

I proposisjonen regjeringa la fram i desember 2000 foreslår me også at det vert oppretta to nye selskap. Det eine er eit selskap som skal ta seg av SDØE i framtida. Det nye selskapet skal ikkje vera eit statleg oljeselskap, men eit reint forvaltar-selskap.

Det andre selskapet er eit transportselskap for naturgass. Transportsystemet for naturgass er ein nøkkel til framtidig verdiskaping på kontinentalsokkelen. Ei effektiv utvikling og drift av systemet er difor svært viktig for å kunne realisera verdien av norsk gass.

Gassverksemda i Noreg har et langsiktig perspektiv. Dette gjeld og transporten av gass. Me har gassressursar for 80–100 år.

Statoil har i dag ei sentral rolle innanfor transportsystemet for gass. Det skal selskapet ha i framtida og. Men når Statoil får fleire eigarar, er det naudsynt å gjera tilpassingar i organiseringa av gasstransporten. Dette gjer at me treng eit nytt selskap som skal transportera gassen på norsk kontinentalsokkel.